

## 15 år og eigarar av seglbåt.

21.06.2017



15 påringane ( f.v. ), Sander, Viljar og Andrea har kjøpt seg seglbåt på 22 fot.

**Tre 15 åringar frå Uskedalen har kjøpt seg seglbåt. Det er Andrea Hjelmeland, Sander Simensen og Viljar Simones Tveit. Alle er på same alder, har gått i same klasse på skulen og alle er nett konfirmerte. Dei gler seg til ein fin sommar med segling og båtliv. Målet deira er ein gong å få segla til Panama.**

Seglbåten er 22 fot med bysse og fire køyar. Det er ikkje innabords motor, men det er feste for påhengsmotor. Båten er kjøpt på Husnes. Kjøpesummen kr. 5.000,- delt på tre, er overkomeleg. Fartyet treng noko vedlikehald og noko utstyr må fornyast. Det følj sjølvstekt med segl, dregg og tauverk. Med full seglføring brukar ein både storsegl og fokka.

Andrea fortel at tanken var å få tak i ein flåte. men med leiting på finn.no, kom ein over denne seglbåten. I sommar vil ungdomane læra å segla og bli trygg på fartyet. Oppløringa vil vera i Storsund. Seinare vil ein prøva ut i Hardangerfjorden. Båten har ikkje namn enno, men det vil koma på plass innan kort tid.

Uskedalen.no ser fram til å sjå 15 åringane på segling i sommar. Med dette forsterkar Uskedalen sin posisjon som seglarbygd. Om nokre år vil truleg båteigarane vera ein del av konvoien til Shetland. Båten har fast plass i Uskedal båtlag si båthamn. Vi seier berre: **God seglas.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal